

● NÆRBILDE



Ida Jaarvik Hetland

22 år, frå Bryne, singel. Studerer økonomi ved Universitet i Stavanger. Aktuell: Driv hjelpearbeid i Guatemala.

Internasjonal jærbu

Ved Mølledammen, og særleg der dammen endar i eit lítte fossefall, trivst Ida Jaarvik Hetland. Ho seier det er godt å vere heime på Bryne, her slappar ho av og kjänner kor godt det er å ha familie og venner rundt seg.

Frå 19-årsalderen har 22-åringen i all hovudsak budd utanfor landets grenser. Men ho vil aldri sleppe taket i heimplassen. Kanskje ein dag vender ho tilbake for å busetje seg fast her.

– Med ein stor familie, legg ho til og smiler breitt. Sjølv er ho eldst i ein søskensflok på seks og opplever kor gildt det er å ha mange rundt seg.

– Dei er sikringsnettet mitt. For meg er det utrolig viktig å ha nokon som støttar og verkeleg bakkar meg opp. Det hjør familien. Dei seier eg må berre reise og oppleve.

– Morfar seier at eg alltid må ha noko på gang. Han har helt rett. Eg trivst med aktivitet rundt meg, og det gir meg mykje.

Juss og økonomi
Egentleg var Ida fast bestemt på å studere juss og bli advokat. Men ein god lærar ved St. Olav videregående skole i Stavanger inspirerte til studiar i økonomi.

– Eg tok økonomi ved St. Olav og hadde lyst å få inn engelsk i vidare studiar. Då var det ikkje aktuelt med juss, og i England var økonomi mest populært. Eg takka nei til juss ved Universitetet i Bergen og starta på økonomistudiar ved University of York i England. Det vart tre gode år, dei beste tre åra eg har hatt så langt.

Guatemala
Og det var her i England at spiren til hjelpearbeid vart sådd. I 2007

– Å sjå barna på barnehimen var fælt. Det trefte meg med full styrke.

besøkte Ida og nokre franske venner studiekameraten Luis i Guatemala. Landet og folket gjorde sterkt inntrykk.

Då bachelorgraden var ferdig i England, ville ho tilbake til det sentralamerikanske landet for å studere spansk og jobbe frivillig ved sida av språkstudia.

– Eg bestilte billettet til sommaren 2009 og planla kva skule eg skulle gå på. Antigua er den mest populære byen å lære spansk i Latin Amerika. Eg hadde lyst å lære spansk skikkeleg og fekk studieplass. Skulen ordna med vertsfamilie, og kom med forslag om ulikt frivillig arbeid eg kunne bli med på. Og det mangla ikkje på tilbod.

– Det vart ein skule for dei aller fattigaste, og der var også Casa Jackson, ein heim for undernærte babyar. Nokre av dei var føredrelause. Casa Jackson vart min plass, men nokre kveldar arbeideide også på Homeless Shelter, ein plass for barn, menn med alkohol- og narkotikaproblem og familiar. Dei fleste kveldar var det studiar i spansk.

Fælt

– Når eg er der ute, gir det meg eit nytt perspektiv på livet. Og eg ser kor godt vi har det her i Norge som er verdas beste land å bu i. Guatemala er nummer 122 på den lista.

– Å sjå barna på barnehimen var fælt. Det trefte meg med full styrke. Barna kom frå familar som ikkje har hus og heim å gå

til. Likevel smilede dei. For dei fekk mat, stod dei i ein stor sirkel og bad saman om at dei som ikkje hadde mat måtte få hjelp. Å høyre dette frå barn som ikkje eig nål i veggen gjorde eit sterkt inntrykk på meg.

– Gjennom tv er vi fulle av inntrykk frå folk som lir og har det vondt, men vi klarer ikkje heilt å ta det inn. Når du står ansikt til ansikt med nauda, blir det heilt annleis, og vi har iallfall ingen grunn til å klage.

Givande

Ida fortel om eit land med store sosiale forskjellar. Mange lir og er underernærte. Hjelpetenesten kom over fire søsken som ikkje kunne gå. Dei hadde ikkje språk og fekk berre litt mat. Mora var prostituit og nesten aldri heime, faren visste ingen om. Tre av søskena kom til familar og fekk byrje på skule. Men Jessica på ni år kunne ikkje snakke eller gå. Ho hadde brekt ein fot og måtte sitje i rullestol. Ingen ville ta imot henne, og no bur ho ved barnehimen.

– Det er håp for Jessica. Ho kan lære både å snakke og å gå, men det tek tid, seier Ida som har samla inn pengar for at Jessica skal få eit betre liv.

Ida har starta si eiga innsamling til dei undernærte barna. Frå venner, familie og kjende i tillegg til mange heilt ukjende har Ida samla inn 64 000 kroner. 9000 kroner er øyremerka Jessica. Resten har gått til dei andre barna.

– Det er verkeleg givande å få vere med å bidra. For desse barna gjer det ein forskjell. Kvar einaste krone blir brukt for å hjelpe, seier Ida.

No er ho i full gang med å organisere hjelpearbeidet som ein frivillig organisasjon. Det gir både

– Å møte andre menneske og sjå korleis dei lever er ei utrolig oppleving, både på godt og vondt.

offentleg og private selskap større høve til å bidra økonomisk. Dessutan er det også mogeleg med støtte gjennom grasrotandelen i Norsk Tipping.

Ny tur

Ida Jaarvik Hetland har akkurat kome heim etter sin andre tur til barnehimen i Guatemala. Med på reisa hadde ho med seg kofferter med klede og andre nødvendige ting. Sjølv om oververka på flyet var stor, fekk ho bagasjen med utan å betale noko ekstra. Og dei innsamla kleda kom godt med. Mange av kleda i nyførtstorleik frå Norge passa til eittåringar ved barnehimen.

– Det blir ikkje den siste turen til Guatemala, slår Ida fast. Ho er

alt i gang med å sikre seg billettar og eit tovekesopphold i påsketider.

Ho må berre tilbake til barna som ho har fått ei nært forhold til.

– Eg har alltid hatt ein lyst å arbeide frivillig og bore på ein drøm om ein eigen barnehjem, smiler Ida.

Til New York

Ida ler litt til karakteristikken av økonomar som alvorlege, kanskje kyniske menn med mørk dress, kvit skjorte og dyre slips. Ho kjenner seg ikkje att og vil iallfall ikkje sjølv stå fram slik sjølv om ho har studert finans og no leiring ved Universitetet i Stavanger.

Masterstudiet i Stavanger vert avslutta med tre månaders studieopp hold i Cape Town i Sør-Afrika.

Der skal ho mellom anna sjå på korleis forholda kan betrast for dei som bur i townships (avgrensa byområde) i landet.

Men jærbu giv seg ikkje med det. Frå januar 2011 blir det masterstudiar i internasjonal utvikling

og menneskerettar ved New York University.

– Eg kom eigentleg inn frå august i år, men eg treng å arbeide litt for å leggje opp litt pengar for

eg tek til på studia, seier Ida og legg til at det har blitt ein del ulike jobbar ved sida av studiar og skule, heilt sidan ho var 14 år.

Akkurat no har ho skifta jobb. For å kome nærmere Universitetet i Stavanger flytta ho i går til Hillevåg.

Då vert det for langt å pendle til vakten på Åna fengsel. No er det i staden vakten ved eit butilitبدor for unge rusmisbrukarar.

Men ho får inntimellom også tid til frivillig arbeid. I Stavanger skjer det i regi av Amnesty Internasjonal.

Thailand

– Eg er glad i menneske, særleg i barn. Men også dei som har kome litt skeivt ut i samfunnet. Kanskje er det difor eg trivst så godt mellom dei heimlause barna i Guatemala, og kanskje var det grunnen

til at eg vart med på ein tur til Thailand i fjor.

Gjennom ein kollega på Åna fengsel vart Ida invitert til å sjå og møte hjelpearbeid i det nordlige Thailand, på grunn til Burma.

– Motet karenfolket var ei sterkt oppleving. Barn med blåmerke på kroppen banka på portane til flyningeleirane og bad om hjelp. Etter to veker var det tilbake til vellenstanden i Bangkok og ein fint hotell.

Etter opplevingane ute i jungleklart klart og ikkje glede meg over velstanden; eit dekkjande ord er absurd, kjem det tankfelt frå Ida.

– Å møte andre menneske og sjå korleis dei lever er ei utrolig oppleving, både på godt og vondt.

dag, men kanskje kjem ho tilbake til Jæren, til rotene der ho bur og har vaks opp. Også frå Bryne er det mogeleg å drive hjelpearbeid. Litt pendling ut og litt jobb heime, kven veit?

– Eg har budd mykje ute. Men jul har eg alltid feira heime på Jæren, saman med familien. Det er så godt å kome heim og kjenne på roen, og samstundes også kjenne på uroen. Eg trippar nesten og vert trekt ut igjen, og så er det alltid gildt å kome tilbake.

– Morfar seier at eg alltid må ha noko på gang. Han har heilt rett.

Eg trivst med aktivitet rundt meg, og det gir meg mykje.

dag, men kanskje kjem ho tilbake til Jæren, til rotene der ho bur og har vaks opp. Også frå Bryne er det mogeleg å drive hjelpearbeid. Litt pendling ut og litt jobb heime, kven veit?

– Eg har budd mykje ute. Men jul har eg alltid feira heime på Jæren, saman med familien. Det er så godt å kome heim og kjenne på roen, og samstundes også kjenne på uroen. Eg trippar nesten og vert trekt ut igjen, og så er det alltid gildt å kome tilbake.

– Eg er glad i menneske, særleg i barn. Men også dei som har kome litt skeivt ut i samfunnet. Kanskje er det difor eg trivst så godt mellom dei heimlause barna i Guatemala, og kanskje var det grunnen

til at eg vart med på ein tur til Thailand i fjor.



STEINAR SANDVIK tekst og foto
ssa@jbl.no